



Freka Invest AS  
v/ Alf Helge Moldekleiv  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/555 - 14/8950

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
05.06.2014

## MERKNAD TIL SØKNADAR OM HØVESVIS BYGGJELØYVE OG DISPENSASJONAR TILKNYTT PLANLAGT BYGGJETILTAK PÅ GBNR 23/522 I MELAND KOMMUNE

Det vert vist til mottekne søknadar om rammeløyve, igangsettingsløyve (IG) og diverse dispensasjonar frå reguleringsplan dagsett høvesvis 30.10.2013, 8.2.2014 og 26.3. s.å. Vidare vert det vist til vår telefonsamtale av 5. dm.

Kommunen vart i går gjort kjent med at det er opna konkurs i buet til Bygg og Mur Teknikk AS. Same føretak har søkt om ansvarsrett som SØK for det planlagde byggjetiltaket på gbnr. 23/522, samt ansvarsrettar som PRO for arkitektur og UTF for tømrararbeid. Kommunen har p.t. ikkje tatt stilling til Bygg og Mur Teknikk AS sin søknad om ansvarsrettar, saml. brev frå kommunen 17.3.2014.

Før kommunen kan handsame søknadane om rammeløyve og IG må eit nytt føretak søke om og gis godkjenning som SØK. Dette føretaket må òg sjå til at andre funksjonar og oppgåver i tiltaket vert omsøkt og belagt med ansvar, både dei områda Bygg og Mur Teknikk AS tidlegare har søkt om ansvar for (PRO arkitektur og UTF tømrararbeid) og eventuelt andre område som ennå ikkje er omsøkt (t.d. PRO av uteareal/landskapsutforming og ventilasjon- og klimainstallasjonar, UTF oppmålingsteknisk/utstikking av tiltak, ventilasjon- og klimainstallasjonar, betong- og murearbeid og radonsikring og KONT av lufttettleiken til tiltaket).

Føreliggjande søknadar vert lagt i kommunen sitt ventearkiv i påvente av at ovannemnde dokumentasjon vert innsendt.

Med helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

Freka Invest AS

v/ Alf Helge  
Moldekleiv

5918

FREKHAUG